

R

Sjefredaktør: **GARD STEIRO** Adm. direktør: **SIV JUVIK TVEITNES**  
Nyhetsredaktør (konst.): **JAN STIAN VOLD** Politisk redaktør: **FRANK ROSSAVIK**  
Kultur- og debattredaktør: **HILDE SANDVIK** Redaktører: **LENE ELTVIK VINDFELD OG ØYULF HJERTENES**



TEKST-  
BASEN  
[www.nynorsksenteret.no](http://www.nynorsksenteret.no)



131

# Språk i spagaten

SØNDAGSGJESTEN



AUDHILD GREGORIUSDOTTER ROTEVATN

Redaktør i Allkunne.no  
gregoriusdotter@gmail.com

**Vestlandsungdomar skriv dialekt på Facebook i staden for normert norsk. Det treng ikkje sende nynorsken på sotteseng.**

**2014 VART EIT ÅR** for mediehistoriebøkene. For første gong passerte eit sosialt medium dei tradisjonelle på statistikken. Facebook var større enn NRK 1. Tilsette og leiarar i norske mediehus uroar seg over at internasjonale aktørar passerer dei nasjonale, særleg med tanke på annonseinntektene. Men Facebook er også den einaste kanalen på lista over dei ti største mediekanalane i Noreg som ikkje har redaktør.

**SOSIALE** medium er altså utan ferdigproduisert innhald. Brukarane sjølve skaper og deler alt innhaldet. Her finst ingen raud penn. Språk og innhald er på sjølvstyr. Kva skjer med språket der det ikkje finst retningslinjer eller kontroll?

Dette undersøkte eg i mastergraden min. Korleis skriv ungdomar på vestlandet på sosiale medium? Eg spurte 142 avgangselevar i vidaregåande skule i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i ei digital undersøking i fjor. Nesten alle er innom Facebook dagleg, og dei fleste minst fem gonger.

Tre av fire ungdommar svarte også at dei skriv mest på dialekt på Facebook. Det normerte skriftspråket, altså bokmål og nynorsk, står svakt i Noregs største mediekanal blant vestlandsungdom. Kva er årsakene til denne skrivepraksisen?

**UNGDOMMANE** seier sjølve at den viktigaste grunnen til dialektskrivinga er «fordi det er slik eg snakkar» og «fordi det er uformelt». Det er i nettpratting dialektane er oftast til stades, men ikkje berre der. Mange skriv dialekt over alt på Facebook.

Det kan sjå ut som dei som bruker Facebook mest og som har eit stort nettverk skriv meir på dialekt. På mange måtar er dette naturleg. Nettpratting, eller chat, er det som liknar mest på ein munnleg samtale. Med nettpratting oppstår digitale sanntidsdialogar som har ei form som er munnleg, men der fingrane må ned på tastaturet.

**ELEMENT** som tidlegare ikkje var til stades i skriftleg kommunikasjon har no fått plass; den umiddelbare responsen, kjensleteikn, og ord som markerer handling (\*ler\*) eller lydord som «hm». Eigenskapane frå det munnlege språket vert med over i skriftspråket i sosiale medium. Språket her kan difor gjerne kallast snakkeskriving. Ungdomane brukar eit skriftspråk som ikkje «finst».

Dialektar har vore til stades i skrift i nærast all tid. Også Asbjørnsen og Moe brukte dialekt i eventyra sine, for å gjere det heile meir autentisk. Også i seinare populærkultur har dialektane fått stort speleområde. Likevel er omfanget av dialektbruken i sosiale medium så omfattande og gjennomført, at ein kan kalle det ein ny kultur for skrift.

Elevane i denne undersøkinga brukar normert skrift, altså bokmål eller nynorsk, andre stader i nettbasert kommunikasjon, som e-post, blogggar og kommentarfelt

**EIN KAN** ikkje lage ein samlekategori med nettspråk. Det digitale språket til desse elevane er meir avansert. Facebook liknar meir på munnlege dialogar, enn til dømes e-post og blogggar. I tillegg har bileta ein viktig funksjon. Måten ungdommane brukar Facebook på, med raske kommentarar og nettpratting, kan saman med innhaldet ein deler – særleg private foto – forklare kvifor språket vert annleis enn det vi elles skriv: nynorsk eller bokmål.

Foto har heile tida vore viktig på Facebook. No delar vi bilete, som før berre eit fåtal menneske såg, med fleire hundre andre. Intimsfæren har kome til skjermen. Vi ser på kvarandre, byr på oss sjølve og snakkar saman som om vi sat i ein virtuell sofa.

Vi har fire store dialektkanalar: SMS, Facebook, Snapchat og Instagram. Eit fellestrekk ved desse er at alle har bilete og tekst kopla saman. Det private fotoalbumet har ikkje berre vorte digitalisert, men publisert. Noko som før var intimt og privat har kome ut frå heimen og inn på verdsveven. Private foto går hand i hand med snakkeskrivinga, nær talemålet. Språket, både det talte og det skrivne, seier noko om kven vi er og kven vi vil vere.

**Ungdommane seier sjølve at den viktigaste grunnen til dialektskrivinga er «fordi det er slik eg snakkar» og «fordi det er uformelt».**

Det andre å lese ut av dette er at ungdomane har stor kompetanse i språk. Dei skil mellom ulike kanalar og vekslar det språklege uttrykket sitt. Desse heil-digitale ungdomane kan i tillegg noko som foreldra deira ikkje kunne på same måte: dei kan å skrive for eit publikum og får respons på det dei skriv. Medan foreldregenerasjonen skreiv tekstar som berre læraren las, kanskje nokre handskrivne brev og hemmelige lappar til klassekameratar i skuletimane, skriv dagens russ mykje – og tekstane har lesarar.

**VEKSLINGA** mellom ulike kanalar, ulike grupper av mottakarar og ulikt språk, gjer at dei har ein stor metaspråkleg kompetanse, i tillegg til kommunikasjonskompetansen. Snakkeskrivinga kan dermed finne sin plass ved sidan av det normerte språket. Ungdomane ser ut til å meine at snakkeskrivinga høyrer heime i somme kanalar, og ikkje i andre.

Det er ikkje naturleg for desse å skrive dialekt i alle samanhengar og elevane meiner openbart at dei har bruk for normert språk i tillegg. Slik sett treng ikkje dialektskrivinga på sosiale medium nødvendigvis vere noko trugsmål for verken bokmål eller nynorsk.

**SOSIALE MEDIUM** ligg tettare inn på oss som individ enn på andre stader vi skriv fordi det er uformelt, raskt og tilgjengeleg, fordi vi sjølve skaper innhaldet, vel publikum og graden av offentlegheit. Skriftuttrykket rykkjer nærare privat- og intimsfæren enn tradisjonelle medium. Ein er ein aktiv deltakar, ikkje ein passiv mottakar. Difor er det kanskje heilt naturleg at skrivepraksisen er annleis.

Ungdomar i sosiale medium greier rett og slett å veksle mellom ulike språk, ulike måtar å skrive på i ulike kanalar. Det treng slett ikkje vere dårleg nytt for nynorsken.